



Harald Sunde har vore sentral i arbeidet med å få plass denne gåva.

I dag kom gåva på plass. Det er ein benk til prosjektet Gull av grus frå SØRAL pensjonistforening. Verdien på gåva er kr. 3.000,-. SØRAL pensjonistar frå Uskedalen har vore aktive i arbeidet med å få på plass denne gåva.

Frå før er det utplassert tre bord med benker på Grøntgrasbanen. Uskedal helselag har skaffa midlar til desse borda og benkene.. SØRAL benken er laga på Kvinnherad Vekstbedrift og har alt funne sin plass på ein av dei øvre aktivitetsstasjonane.

SØRAL Pensjonistforening vart skipa i 1985. Jan Moberg var den gongen tillitsvald i Arbeidslederforeningen. Saman med alle fagforeningane gjekk dei saman om denne oppgåva. Harald Sunde har vore leiar i pensjonistforeningen (2015) og nestleiar i fem år. Sidan starten i 1985 har mange tidlegare tilsette frå Uskedalen vore aktive pensjonistmedlemer. Sigvald Eik var i lengre tid skrivar og reiseleiar.

Gull av grus er alt eit vellukka prosjekt. Det skal vera eit møte med avgjer om ei endeleg plassering av trimapparat, bord og benker. Gruslagde vegar skal asfalterast. Det skal med det fyrste skrivast takkebrev til pensjonistforeningen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal